

List of Signatures

Page 1/1

**Sunnfjord Miljøverk Årsrekneskap 2024_230525.pdf**

Name	Method	Signed at
Hjelle, Anne Mette	BANKID	2025-05-27 14:30 GMT+02
Dalin, Marius Langballe	BANKID	2025-05-26 22:38 GMT+02
Johnsen, Anja Grov	BANKID	2025-05-26 17:26 GMT+02
Gillestad, Grim Erik	BANKID	2025-05-26 16:32 GMT+02
Dvergsdal, Tore	BANKID	2025-05-26 11:40 GMT+02
Janninge, Carl Joakim	BANKID	2025-05-28 09:54 GMT+02



This file is sealed with a digital signature. The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

External reference: 5CA9F9BC58CA4D55A35F98D164F3A0C5

Årsrekneskap 2024

Sunnfjord Miljøverk Iks

Resultatrekneskap
Balanse
Notar til årsrekneskapen
Revisjonsmelding

Org.nr.: 970 921 915



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
5CA9F9BC58CA4D55A35F98D164F3A0C5

Resultatrekneskap

Sunnfjord Miljøverk Iks

Driftsinntekter og driftskostnader	Note	2024	2023
Salsinntekt	1, 2	83 971 614	81 043 823
Bruk av/avsetning til sjølvkostfond	1, 2	12 918 126	7 008 806
Sum driftsinntekter		96 889 740	88 052 629
Varekostnad, transportkostnad	2	50 632 319	46 252 982
Lønskostnad	3, 4	21 690 963	17 790 020
Avskrivning	5	5 549 861	4 730 568
Annan driftskostnad	2, 3, 9	19 411 713	17 856 251
Sum driftskostnader		97 284 856	86 629 821
Driftsresultat		-395 115	1 422 808
Finansinntekter og finanskostnader			
Inntekt frå investering i dotterselskap		107 536	678 718
Anna renteinntekt	6	244 508	211 756
Anna finansinntekt	6	679 086	5 408
Annan rentekostnad	6	42 498	1 752
Resultat av finanspostar		988 632	894 130
Ordinært resultat før skattekostnad		593 517	2 316 938
Skattekostnad på resultat	7	0	26 600
Årsresultat		593 517	2 290 338
Overføring			
Overført eigenkapital	8	593 517	2 290 338
Sum overføringar		593 517	2 290 338
Opplysning om:			
Avsatt konsernbidrag til datterselskap		600 000	1 500 000



Balanse

Sunnfjord Miljøverk Iks

Eigedelar	Note	2024	2023
Anleggsmiddel			
Immaterielle eigedeler			
Konsesjonar, patentar o.l	5	2 586 656	0
Utsett skattefordel	7	5 226 445	5 226 445
Sum immaterielle eigedelar		7 813 101	5 226 445
Varige driftsmiddel			
Tomter, bygningar og annan fast eigedom	5	29 005 135	18 142 106
Driftslausøyre, inventar, verkøy, kontormaskinar og liknande	5	15 307 830	6 952 997
Sum varige driftsmiddel		44 312 964	25 095 103
Finansielle anleggsmiddel			
Investeringar i dotterselskap	10	3 405 000	2 805 000
Investeringar i aksjar og partar	11	0	6 118 142
Andre langsiktige krav	17	14 046 479	1 063 433
Sum finansielle anleggsmiddel		17 451 479	9 986 575
Sum anleggsmiddel		69 577 544	40 308 123
Omløpsmiddel			
Varer	12	0	902 300
Krav			
Kundekrav	9	3 990 236	5 247 820
Andre kortsiktige krav		2 949 810	748 369
Krav på selskap i same konsern	13	8 279 429	9 199 960
Sum krav		15 219 476	15 196 149
Bankinnskot, kontantar og liknande	14	8 564 879	28 352 105
Sum omløpsmiddel		23 784 354	44 450 554
Sum eigedelar		93 361 899	84 758 676



Balanse

Sunnfjord Miljøverk Iks

Eigenkapital og gjeld	Note	2024	2023
Innskoten eigenkapital			
Interessekapital	8, 15	100 000	100 000
Sum innskoten eigenkapital		100 000	100 000
Opptent eigenkapital			
Annan eigenkapital	8	65 385 217	64 791 700
Sum opptent eigenkapital		65 385 217	64 791 700
Sum eigenkapital		65 485 217	64 891 700
Gjeld			
Avsetjing til plikter			
Etterdriftsfond	16	5 073 811	4 623 811
Sum avsetjing for plikter	16	5 073 811	4 623 811
Øvrig langsiktig gjeld			
Langsiktig gjeld sjølvkostfond	17	2 897 089	2 832 169
Sum anna langsiktig gjeld		2 897 089	2 832 169
Kortsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjonar	9	5 876 945	0
Konserngjeld	13	1 014 157	821 282
Leverandørgjeld		7 399 787	4 342 274
Skyldige offentlege avgifter		1 610 065	2 564 085
Anna kortsiktig gjeld	18	4 004 828	4 683 355
Sum kortsiktig gjeld		19 905 781	12 410 996
Sum gjeld		27 876 682	19 866 976
Sum eigenkapital og gjeld		93 361 899	84 758 676

Førde, 23.05.2025
Styret i Sunnfjord Miljøverk Iks

Grim Erik Gillestad
styreleiar

Marius Langballe Dalin
nestleiar

Anne Mette Hjelle
Styremedlem

Anja Grov Johnsen
styremedlem

Joakim Janninge
styremedlem

Tore Dvergsdal
dagleg leiar



Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk for små foretak.

Bruk av estimer

Utarbeidinga av reknekap i samsvar med rekneskapslova krev bruk av estimat. Videre krev bruk av selskapet sine rekneskapsprinsipp at leiinga må utøve skjøn. Område som i stor grad inneheld slike skjønsmessige vurderingar, høg grad av kompleksitet, eller område der føresetnader og estimat er vesentlege for årsrekneskapen, er omtala i notane.

Aksjar i dotterselskap

Dotterselskap er selskap der morselskapet har kontroll, og dermed bestemmende innflyting på einheta sin finansielle og operasjonelle strategi, normalt ved å eige meir enn halvparten av den stemmeberettiga kapitalen.

Rekneskapsprinsipp for aksjar i dotterselskap

Kostmetoden brukast som prinsipp for investeringar i dotterselskap i selskapsrekneskapen. Kostprisen aukar når midlar blir tilført ved kapitalutviding, eller når det blir gjeve konsernbidrag til dotterselskap. Motteke utdelingar blir resultatført i utgangspunktet som inntekt. Utdelingar som overstig andel av opptent eigenkapital etter kjøpet førast som reduksjon av anskaffingskost. Utbytte/konsernbidrag frå dotterselskap rekneskapsførast det same året som dotterselskapet set av beløpet. Utbytte frå andre selskap rekneskapsførast som finansinntekt når utbyttet er vedteke.

Driftsinntekter

Driftsinntekter består av renovasjons- og slaminntekt som blir finansiert over det kommunale gebyret, inntekter frå næringsavfall, inntekter frå reinseanlegg, vidarefakturering av avfallsløysingar samt inntekter frå papir, glas- og metallemballasje, plast, batteri og metall. Driftsinntekter for morselskapet består i tillegg av administrasjonshonorar dotterselskap. Renovasjons- og slaminntekter blir inntektsført på grunnlag av bokført gebyrinnsamling i kommunane. Næringsinntekter og inntekter frå reinseanlegg, vidarefakturering av avfallsløysingar samt inntekter frå papir, glas- og metallemballasje, plast, batteri og metall blir inntektsført på leveringstidspunktet.

Tenester blir inntektsført i takt med utføringa. Sjå og omtale lenger nede under sjølvkost.

Klassifisering av balansepostar

Eignelutar bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmiddel. Eignelutar som er tilknytt varekretsløpet er klassifisert som omløpsmidlar. Fordringar vert klassifisert som omløpsmidlar dersom dei skal betalast tilbake i løpet av eitt år etter utbetalingstidspunktet. For gjeld er analoge kriterium lagt til grunn.

Omløpsmidlar vurderast til lågaste av anskaffingskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld vert balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Anleggsmidlar vert vurdert til anskaffingskost. Varige anleggsmiddel som vert forringa i verdi vert nedskrivne lineært over forventa økonomisk levetid. Anleggsmidlane vert nedskrivne til verkeleg verdi ved verdifall som ikkje forventast å vere forbigåande. Nedskrivinga vert reversert i den utstrekning grunnlaget for nedskrivinga ikkje lenger er til stades.

Langsiktig gjeld i norske kroner med unntak av andre avsetningar vert balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.



Kostpris

Kostpris for eignelutar omfattar kjøpesummen for eigneluten, med frådrag for bonus, rabattar og liknande, og med tillegg for kjøpsutgifter (frakt, toll, offentlege avgifter som ikkje blir refundert og eventuelle andre direkte kjøpsutgifter). Ved kjøp i utenlandsk valuta balanseførast eigneluten til kursen på transaksjonstidspunktet.

For varige driftsmiddel omfattar kostpris også direkte utgifter for å klargjere eigneluten for bruk, for eksempel utgifter til testing av eigneluten.

Varige driftsmidler

Varige driftsmiddel vert balanseført og vert avskrivne lineært over driftsmidlane si forventa levetid dersom dei har antatt levetid over 3 år, og har ein kostpris som overstig kr 15.000. Vedlikehald av driftsmiddel vert kostnadsført løpande under driftskostnader. Påkostingar eller forbetringar vert lagt til driftsmiddelet sin kostpris og vert avskrivne i takt med driftsmiddelet. Skiljet mellom vedlikehald og påkosting/forbetring vert rekna i forhold til driftsmiddelet sin stand ved kjøp av driftsmiddelet.

Immaterielle eigedelar

Utgifter til eigne utviklingsaktivitetar kostnadsførast løpande. Utgifter til andre immaterielle eigedelar balanseførast i den grad det kan identifiserast ein fremtidig økonomisk fordel knytt til utvikling av ein identifiserbar immateriell eigedel og utgiftene kan målast påliteleg. I motsatt fall kostnadsførast slike utgifter løpande. Balanseført utvikling avskrivast lineært over økonomisk levetid.

Immaterielle eigedelar med begrensa økonomisk levetid avskrivast planmessig, og nedskrivast til gjenvinnbart beløp dersom dei forventa økonomiske fordelane ikkje dekke balanseført verdi og eventuelle gjenståande tilverknadskostnader.

Andre langsiktige investeringar i andre selskap og i verdipapirfond

Kostmetoden blir brukt som prinsipp for investeringar i andre aksjer mv. Utdelinga rekneskapsførast i utgangspunktet som finansinntekt, når utdelinga er vedtatt. Viss utdelingane vesentleg overstig del av opptent eigenkapital etter kjøpet, førast det overskytande til reduksjon av kostprisen.



Nedskriving av anleggsmidler

Ved indikasjon om at balanseført verdi av eit anleggsmiddel er høgare enn verkeleg verdi, blir det gjort test for verdifall. Testen blir gjort for det lågaste nivå av anleggsmiddel som har sjølvstendige kontantstraumar. Viss balanseført verdi er høgare enn både salsverdi og bruksverdi (noverdi ved fortsatt bruk/eige), blir det gjort nedskriving til det høgaste av salsverdi og bruksverdi.

Tidligere nedskrivingar blir reversert viss føresetnadane for nedskrivinga ikkje lenger er til stades.

Varelager

Lager av innkjøpte varer er verdsett til lågaste av inntakskost etter FIFO-prinsippet og verkeleg verdi.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppført i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning til forventta tap. Avsetning til tap vert gjort på grunnlag av individuelle vurderingar av de enkelte fordringane.

Gjeld

Gjeld, med unntak for enkelte avsetningar for forpliktingar, blir balanseført til nominelt gjeldsbeløp.

Pensjonar

Selskapet har ei ytingsbasert pensjonsordning. Pensjonsordninga er finansiert gjennom innbetalingar til KLP.

Ytingsplanar

Ein ytingsplan er ei pensjonsordning som ikkje er ein innskotssplan. Typisk er ein ytelsesplan ei pensjonsordning som definerar ei pensjonsutbetaling som ein ansatt vil motta ved pensjonering. Pensjonsutbetalingane er normalt avhengig av fleire faktorar, som alder, antall år i selskapet og løn. Pensjonsordningar finansiert via sikra ordningar er ikkje balanseført. Pensjonspremien blir i desse tilfella behandla som pensjonskostnad og klassifiserast saman med lønskostnader. Fram til og med 2023 blei sikra pensjonsordningar balanseført som følge av at ein følgde reglane for mellomstore foretak. Frå og med 2024 er ein ikkje lenger mellomstort foretak.



Skatt

Skattekostnaden i resultatrekneskapen omfattar både periodens betalbare skatt og endring i utsett skatt på næringsinntekt. Utsett skatt er rekna ut med 22 % på grunnlag av de midlertidige forskjellar som eksisterer mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdier, samt eventuelt likningsmessig underskot til framføring ved utgangen av rekneskapsåret. Skatteaukande og skattereduserande midlertidige forskjellar som reverserer eller kan reversere i same periode er utlikna. Oppføring av utsett skattefordel på netto skattereduserande forskjellar som ikkje er utlikna og underskot til framføring, er grunngeve med antatt framtidig inntening. Utsett skatt og skattefordel som kan balanseførast er oppført netto i balansen.

Kommunale avfallsselskap som tilbyr kommersielle tenester i marknaden er skattepliktige for den delen av verksemda som er relatert til næringsavfall og kommunal avfall.

Skattereduksjon ved gitt konsernbidrag, og skatt på motteke konsernbidrag som blir ført som reduksjon av balanseført beløp på investering i dotterselskap, førast direkte mot skatt i balansen (mot betalbar skatt viss konsernbidraget har verknad på betalbar skatt, og mot utsatt skatt viss konsernbidraget har verknad på utsett skatt). Utsett skatt både i selskaps- og konsernrekneskapen rekneskapsførast til nominelt beløp.

Sjølvkost

Sunnfjord Miljøverk IKS representerar eigarkommunane sine sjølvkostfond, og er lukka i den forstand at bare inntekter og kostnader etter sjølvkostreglane skal inngå i selskapets rekneskap. Ved ei teoretisk avvikling av selskapet vil sjølvkostfonda bli fordelt på eigarkommunane som då må vidareføre eigedelen/forpliktelsen overfor innbyggjarne. Sjølvkostfonda presenterast som langsiktig gjeld eller langsiktig fordring (tilgode), og selskapet avreknar årets underskot/overskot etter sjølvkostkalkylen mot inntekter på eiga rekneskapslinje og sjølvkostfonda i balansen.

Endring av rekneskapsprinsipp

Balanseførte pensjonsforpliktelse på kr 3 256 942 per 31.12.2023 er rekneskapsført mot selskapet sin egenkapital 1.1.2024 og sammenlikningstala i balansen er korrigert for dette.



Note 1 Driftsinntekter

	2024	2023
Salsinntekter	83 971 614	81 043 823
Bruk/avsetning til sjølvkostfond	12 918 126	7 008 806
Sum	96 889 740	88 052 629

Fordeling på verksemdsområde	2024	2023
Renovasjon hushald, inkl kommune	53 418 486	48 790 174
Renovasjon kommune	4 475 144	3 766 944
Slam hushald	9 655 437	9 379 689
Slam kommune	6 076 651	5 690 687
Bruk/avsetning til sjølvkostfond*	12 918 126	7 008 806
Næring	10 345 896	13 416 329
Sum	96 889 740	88 052 629

Sunnfjord Miljøverk IKS utfører eigarkommunanes forpliktelser etter Forurensningsloven § 30. Vederlaget for tjenestane er fastsatt i samsvar med prinsippet om sjølvkost, jamfør «Forskrift om beregning av samla sjølvkost for kommunale og fylkeskommunale gebyrer» med tilhøyrande veileder for å beregne sjølvkost.

* for spesifikasjon av avrekning av sjølvkostfonda, sjå note 17. I 2023 var beløpet på kr 7 008 806 inkludert i salsinntekter.

Note 2 Transaksjonar med nærstående partar

Ytingar til leiane tilsette er omtalt i note 3, og mellomverande med konsernselskap er omtalt i note 11.

Morselskapet sine transaksjonar med nærstående partar:	2024	2023
a) Sal av varer og tenester		
Sal av tenester:		
- Dotterselskap	10 097 189	13 002 079
b) Kjøp av varer og tenester		
Kjøp av tenester:		
- Dotterselskap	24 815 425	28 975 105



Note 3 Lønskostnader, antall ansatte, godtgjersler, lån til ansatte mm.

Lønskostnader	2024	2023
Løn	16 822 384	13 721 591
Arbeidsgjevaravgift	2 027 784	1 961 918
Pensjonskostnader	2 003 614	1 617 198
Andre ytelser	837 181	489 313
Sum	21 690 963	17 790 020
Syssette årverk i rekneårsåret har vore	25	22

Ytingar til leiande personar	Dagleg leiar	Styret/ representantskap
Lønn	1 066 683	215 900
Pensjonsutgifter	140 488	0
Anna godtgjering	15 455	0

Det er ikkje gitt lån/sikkerheitsstilling til dagleg leiar, styreleiar eller andre nærstående partar.
Det er ikkje bonusordningar i selskapet.

Note 4 Pensjonar

Selskapet har ei kollektiv pensjonsordning gjennom KLP etter Lov om foretakspensjon. Denne omfattar i alt 24 aktive tilsette og 16 pensjonistar/opsatt med rettigheter. I denne inngår alders-, uføre-, etterlate-, AFP og betinga tenestepensjon. Årskull fødd før 1963 er sikra tidlegpensjon og AFP 62-67 år. Årskull fødd frå 1963 er sikra betinga tenestepensjon eller livsvarig AFP. Forpliktingane knytt til den kollektive ordninga er dekkja gjennom KLP. Selskapet si pensjonsordningar tilfredsstiller krava i lov om obligatorisk tenestepensjon.

Personar i ordningane

	Aktive	Pensjonistar /opsatte med rettigheter
Ytingsordning	24	16
	2024	2023
Kostnadsført til kollektiv pensjonsordning	2 003 614	1 617 198



Note 5 Varige driftsmiddel/Immaterielle egedelar

	Bygg og tomtar	Driftslaus-øyre og maskinar	Sum varige driftsmiddel
Kostpris 01.01.	138 540 247	27 845 021	166 385 268
Tilgang	14 591 001	10 176 721	24 767 722
Kostpris 31.12.	153 131 248	38 021 742	191 152 990
Akkumulerte avskrivningar 31.12.	124 126 113	22 713 912	146 840 025
Balanseført verdi 31.12.	29 005 135	15 307 830	44 312 965
Avskrivningar i år	3 727 972	1 821 890	5 549 862
Forventa økonomisk levetid	25- 50 år	5- 10 år	
Avskrivningsplan	Lineær	Lineær	

	Heimeside	Sum immaterielle egedelar
Kostpris 01.01.		
Tilgang	2 586 656	2 586 656
Kostpris 31.12.	2 586 656	2 586 656
Akkumulerte avskrivningar 31.12.		0
Balanseført verdi 31.12.	2 586 656	2 586 656
Avskrivningar i år	0	0
Forventet økonomisk levetid		
Avskrivningsplan	Lineær	

Note 6 Spesifikasjon av finansinntekter og finanskostnader

Finansinntekter	2024	2023
Renteinntekt	244 508	211 756
Vinst ved avgang verdipapir	670 063	0
Andre finansinntekter	9 023	5 408
Sum finansinntekter	923 594	217 164

Finanskostnader	2024	2023
Rentekostnad	42 497	1 752
Sum finanskostnader	42 497	1 752



Note 7 Skatt

Beregning av utsett skatt/utsett skattefordel

	2024	2023
Mellombelse skilnader		
Anlegsmiddel	-22 789 055	-22 185 854
Underskot til framføring	-1 539 712	-614 833
Netto mellombelse skilnader	-24 328 767	-22 800 687
Grunnlag for utsett skatt/skattefordel i balansen	-24 328 767	-22 800 687
Utsett skatt/skattefordel	-5 352 329	-5 226 445
Av dette ikkje balanseført utsett skattefordel	125 885	0
Netto utsett skattefordel i balansen	-5 226 445	-5 226 446

Grunnlag for skattekostnad, endring i utsett skatt og betalbar skatt

Grunnlag for betalbar skatt		
Resultat før skattekostnad (næring)	-1 930 342	614 957
Permanente skilnader	294 726	268 119
Grunnlag for skattekostnad på resultat i år	-1 635 616	883 076
Endring i mellombelse skilnader	603 200	741 476
Gr.lag for bet.bar skatt i res.rekneskapen	-1 032 415	1 624 553
Bruk av framførbart underskot	0	-1 624 553
+/- Motteke/gjeve konsernbidrag	107 536	0
Skattepliktig inntekt (grunnlag for betalbar skatt i balansen)	-924 879	0

	2024	2023
Fordeling av skattekostnaden		
Betalbar skatt	0	0
Sum betalbar skatt	0	0
Endring i utsett skatt/skattefordel	0	26 600
Skattekostnad	0	26 600
Betalbar skatt i balansen	0	0



Note 8 Eigenkapital**Morselskapet**

Endring i eigenkapital i år	Interesse- kapital	Annan eigen- kapital	Sum
Eigenkapital 31.12.23	100 000	61 534 758	61 634 758
Endring rekneskapsprinsipp pensjon	0	3 256 942	3 256 942
Korrigert eigenkapital 01.01.24	100 000	64 791 700	64 891 700
Årets resultat	0	593 517	593 517
Eigenkapital 31.12.24	100 000	65 385 217	65 485 217

Note 9 Fordringer og gjeld

Kundefordringer	Konsernet	
	2024	2023
Kundefordringer til pålydande	3 990 236	5 297 820
Avsetning til tap på kundefordringer	0	-50 000
Kundefordringer i balansen	3 990 236	5 247 820
Konstaterte tap på fordringar i år	75 279	0
Endring avsetning til tap på krav	-50 000	0
Innkomme på tidligere avskrivne fordringar	0	2 824
Tap på fordringar	25 279	2 824

Fordringer med forfall seinare enn eit år

	2024	2023
Andre langsiktige fordringar (til gode sjølvkostfond abonnement hushaldning)	14 046 479	1 063 433
Sum	14 046 479	1 063 433

Denne skal krevjast inn over 5 år

Langsiktig gjeld med forfall seinare enn 5 år

	2024	2023
Gjeld til kredittinstitusjonar	0	0
Gjeld sikra ved pant:	0	0
Gjeld til kredittinstitusjonar (limit kr 10 000 000)	5 876 945	0
Sum	5 876 945	0
Balanseført verdi av egedelar stilt som sikkerheit for gjeld sikra ved pant:		
Tomter/bygninger	9 488 857	0
Driftstilbehør (avgrensa til MNOK 10)	10 000 000	0
Kundefordringer (factoring avgrensa til MNOK 10 for fordringar)	3 990 236	0
Krav på selskap i same konsern	6 009 764	0
Sum	29 488 857	0



Note 10 Dotterselskap

Dotterselskap	Forretnings- kontor	Eigarandel/ Stemmeandel	Eigenkap. siste år (100%)	Resultat siste år (100%)	Balanseført verdi
Sum Næring AS	Sunnfjord	100 %	537 665	-259 733	850 000
Sumtrans AS	Sunnfjord	100 %	2 355 736	-144 781	2 555 000
Balanseført verdi 31.12.					3 405 000

Note 11 Investeringar i aksjar og fond

Morselskapet	Kostpris	Marknads- verdi	Balanseført verdi
Markedsbaserte aksjar/fond	0	0	0
Balanseført verdi 31.12.			0

Ein har realisert desse i 2024 med ein rekneskapsmessig vinst på kr 670 063.

Note 12 Varer

	2024	2023
Varer vurdert til kostpris	0	902 300
Sum	0	902 300

Note 13 Mellomverande med selskap i same konsern m.v.

Morselskapet	Konsernfordringar		Andre fordringar	
	2024	2023	2024	2023
Føretak i samme konsern	8 279 429	9 199 960	0	0
Sum	8 279 429	9 199 960	0	0

	Øvrig langsiktig gjeld		Konserngjeld	
	2024	2023	2024	2023
Føretak i samme konsern	0	0	1 014 156	821 282
Sum	0	0	1 014 156	821 282



Note 14 Bundne bankinnskott, trekkrettigheter

Bundne bankinnskott	2024	2023
Skattetrekksmidler	666 891	733 813

Note 15 Interessekapital

Selskapet hadde ved stiftinga i 1993 ein interessekapital på kr 100 000, som var fullt innbetalt av medlemskommunae i høve folketalet 1.1.1992.

Oversikt over medlemskommunane 31.12.

	Interesse- kapital	Sum	Eigardel
Sunnfjord Kommune	71 390	71 390	71,4 %
Fjaler kommune	10 770	10 770	10,8 %
Hyllestad kommune	5 650	5 650	5,7 %
Askvoll kommune	12 190	12 190	12,2 %
Sum	100 000	100 000	100,0 %

Note 16 Andre avsetjingar for plikter

Andre avsetjingar for plikter består av:	2024	2023
Etterdriftsfond	5 073 811	4 623 811
Sum	5 073 811	4 623 811

For å oppfylle krava i avfallsforskrifta § 9.10 om finansiell garanti og kostnadsdekning og rettleiing for etterdriftsfond frå SFT, er det avsett rekneskapsmessig til etterdriftsfond. I 2024 er det avsatt kr 450.000 basert på at det kun er initiert og lettare ureina masse som går til deponi. Ein gjer årleg vurdering av avsetningsbeløpet og det er og lagt opp til indeksjustering av beløpet.

Selskapet auka i 2023 årleg avsetning samanlikna med tidlegare år til kr 450.000, som følgje av at det er forventa ein auke i kostnader knytt til avslutning av deponiet i 2070. Første etappe skal avsluttast i 2028. Selskapet har estimert at avslutning av deponiet i 2070 vil koste i intervallet ca MNOK 26-46 mill. Estimatet er usikkert, då det endå er lenge til ein går over i etterdriftsfase. Selskapet har gjort et beste estimat basert på samanlikning med andre liknande deponi.



Note 17 Sjølvkost renovasjon og slam

Sunnfjord Miljøverk IKS nyttar "Forskrift om beregning av samlet selvkost for kommunale og fylkeskommunale gebyrer" (sjølvkostforskrifta) med tilhøyrande veileder for å beregne sjølvkost. Sunnfjord Miljøverk IKS og dotterselskapet Sumtrans AS har lovpålagt aktivitet i ulik grad. Sjølvkostrekneskap skal utarbeidast årleg og regulerar verksemda sitt sjølvkostfond. Sjølvkost vert utrekna for den ikkje-konkurranseutsette delen av verksemda, og skal reflektere om forbrukarane har betalt for lite eller for mykje for tenestane. Innan ein femårsperiode skal sjølvkost gå i balanse, ref. sjølvkostforskrifta § 8.

Inntekt knytt til lovpålagte aktivitetar fråtrukke kostnader gir årets sjølvkostresultat før kalkulatorisk rente på sjølvkostfondet.

Sjølvkostfonda ligg i Sunnfjord miljøverk IKS, og det blir gjennomført avrekning via Sumtrans AS, for det samla sjølvkostresultatet.

Kalkulatorisk rentesats for 2024 var 4,35% fastsatt av Kommunalbanken. Renta på sjølvkostfonda er beregna som eit gjennomsnitt av inngåande og utgåande saldo på sjølvkostfond, multiplisert med kalkulatorisk rente for gjeldande år.

Sjølvkostfonda er klassifisert som ei langsiktig gjeld eller langsiktig fordring, då det etter selskapets syn er ei gjeld eller eit krav ovanfor innbyggjarne.

	Renovasjon Hushaldning	Renovasjon Kommune	Slam Hushaldning	Slam Kommune	Sum	
Rekneskapsmessig årsresultat	-11 476 111	-87 417	-31 776	133 647	-	11 461 657
Korrigert for finanspostar	-136 773	-8 083	-2 902	-2 328	-	150 086
Kalkulatorisk rentekostnad	-1 048 518	-44 830	7 464	5 885	-	1 106 697
Sjølvkostresultat	-12 661 402	-140 330	-42 142	125 434	-	-12 718 440
Saldo sjølvkostfond 1.1	-1 063 434	1 394 127	844 436	593 608	-	1 768 737
Rente sjølvkostfond	-321 645	57 592	35 816	28 550	-	199 687
Årets sjølvkostresultat	-12 661 402	-140 330	-42 142	125 434	-	12 718 440
Saldo sjølvkostfond 31.12 *	-14 046 481	1 311 389	838 110	747 592	-	-11 149 391

* Sjølvkostfond renovasjon husholdning er presentert som langsiktig fordring. Dei øvrige sjølvkostfonda er presentert som langsiktig gjeld.

Note 18 Anna kortsiktig gjeld

Anna kortsiktig gjeld består av	2024	2023
Forskot frå kundar	113 126	652 699
Pådregne feriepengar	1 926 189	1 542 352
Pådregne kostnader	1 965 513	2 488 304
Andre avsetjingar for plikter 31.12.	4 004 828	4 683 355

Statsforvaltaren i Vestland hadde tilsyn ved deponiet i Hesjedalen september 2021. I tilsynsrapporten datert 15.11.2021 fekk Sunnfjord Miljøverk IKS fire avvik knytt til mottakskontroll, overvåking av deponi, internkontroll og handtering av ein spesifikk avfallsfraksjon (trevirke). Mars 2022 gav Sunnfjord Miljøverk IKS tilbakemelding på avvika. I april same år fekk selskapet svar, der Statsforvaltaren meldte at Sunnfjord Miljøverk IKS måtte arbeide vidare med lukking av avvik. Det har vore løpande kommunikasjon med Statsforvaltaren sidan. Det er sett i verk fleire tiltak, og dei fleste avvika er lukka eller under aktiv oppfølging. Verksemda har m.a. etablert lagerhall for farleg avfall, implementert ny avvikshandteringsrutine, og det er etablert dreneringstiltak og prosedyrar for farleg avfall. SUM har også teke i bruk nedbørsstasjon og gjennomført tilstandsvurderingar i regi av DMR.

Eit viktig punkt frå tilsynet er at reinseanlegget ved deponiet er vurdert som underdimensjonert med tanke på mengda sigevatn, særleg i periodar med stor nedbør. Dette er ikkje nødvendigvis grunna feil gjort tidlegare, men ein teknisk flaskehals SUM må ta stilling til vidare. Ei eventuell oppgradering av reinseanlegget vil innebære investeringar. Det er per 31.12.2024 ikkje gjort rekneskapsmessig avsetning, då det ikkje føreligg pålegg med estimert kostnad. Tiltak som blir gjennomført vil bli





Til representantskapet i Sunnfjord Miljøverk IKS

Melding frå uavhengig revisor

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Sunnfjord Miljøverk IKS som er samansett av balanse per 31. desember 2024, resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og gjev årsrekneskapen eit rettvisande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2024, og av resultata for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet i samsvar med krava i relevante lover og forskrifter i Noreg og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglane), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Innhenta revisjonsbevis er etter vår oppfatning tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gir eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon er å anse som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke dei økonomiske avgjerslene som brukarane tar på grunnlag av årsrekneskapen. For beskriving av revisor sine oppgåver og plikter visar vi til: <https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Førde, 23. mai 2025

PricewaterhouseCoopers AS

Jan Flølo
Statsautorisert revisor
(elektronisk signert)

PricewaterhouseCoopers AS, Naustdalsvegen 1B, NO-6800 Førde

T: 02316, org. no.: 987 009 713 MVA, www.pwc.no

Statsautoriserte revisorer, medlemmer av Den norske Revisorforening og autorisert regnskapsførerselskap

Revisjonsberetning

Signers:

<i>Name</i>	<i>Method</i>	<i>Date</i>
Flølo, Jan	BANKID	2025-05-23 16:35



This document package contains:

- Closing page (this page)
- The original document(s)
- The electronic signatures. These are not visible in the document, but are electronically integrated.



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.